

Mottakar

Norheimsund, 10.02.2020

Dykkar ref:

Prosjekt: Regulering Kvam vgs, 4622 20190006

Vår ref: 2643

## **Melding om oppstart av detaljreguleringsplan på gnr.11, bnr.112 m.fl., Norheimsund, Kvam herad - 20190006 Kvam vidaregåande skule**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 vert det med dette varsla oppstart av reguleringsplan for ny lokalisering av Kvam vidaregåande skule i sentrum av Norheimsund, Kvam herad.

Geoplan AS skal, på oppdrag for Vestland fylkeskommune, utarbeide eit framlegg til detaljreguleringsplan for området. Føremålet med planen er å leggje til rette for offentleg tenesteyting og undervisning med tilhøyrande uteareal og infrastruktur. Føremålet er i samsvar med regulert føremål i gjeldande kommuneplan for Kvam 2019-2030, der arealdelen syner at området er regulert til noverande og framtidig offentleg og privat tenesteyting, OPT31 og OPT32. Grunnlag for løysingar i reguleringsplanen vil verte basert på ein moglegheitsstudie og ei trafikkanalyse som er under utarbeiding av Norconsult AS.

Reguleringsplanen vil erstatte reguleringsplan (1238) 20110017 *Norheimsund skule uteområde*, i tillegg til deler av reguleringsplan (1238) 19850002 *Norheimsund vestre del 1* og (1238) 19940004 *Kyrkjetomta*. Planområdet har ein storleik på om lag 18 daa, og er avgrensa som vist på vedlagd kartskisse. Planarbeidet vert kunngjort i avisa Hordaland Folkeblad 14.02.2020.

Planen er i tråd med overordna kommuneplan for Kvam 2019-2030, og er vurdert til ikkje å utløyse krav om planprogram eller konsekvensutgreiing, jf. *Forskrift om konsekvensutredninger*.

### **Frist for innspel til planarbeidet er sett til 16.03.2020.**

Innspel som kan ha innverknad på, eller vere av interesse for, planarbeidet, skal sendast Geoplan AS, Sandvenvegen 17, 5600 Norheimsund, eller via e-post; [post@geoplan.no](mailto:post@geoplan.no). Spørsmål rettast til Geoplan AS på tlf. 56 55 62 33. Alle innspel vil verta vurdert og lagt ved planframlegget når det vert sendt til Kvam herad for handsaming.

Med helsing

Ingvild Eikefjord  
Sivilarkitekt MNAL / arealplanleggjar

På vegner av:

